

Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

Protokoll frå fellesrådsmøte 5. april 2016.

Desse møtte: Trygve Ebbesvik, Torbjørn Støylen, Anne Karin Watters, Svein Runde, Irene Hørte Høibakk, Bjørg Grebstad og Arild Sporsheim

Forfall: May Lisbeth Hovlid

F-sak 06/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 05/16 Protokoll frå fellesrådsmøte 16. februar 2016

Spesielt i ettertid ser vi at orienteringssak om Kyrkjevegen burde ha vore sett opp som eiga sak. Fellesrådet tek det til vitande.

Vedtak:

Godkjent med merknad om at vi i det vidare må unngå å sette opp orienteringssaker som er av ein slik karakter at dei bør settast opp som eigne saker.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for

F-sak 07/16 Revisjonsmelding 2015

Fellesrådsleiar gjennomgjekk meldinga frå Revisor Klokke AS.

Vedtak:

Fellesrådet tek det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 08/16 Årsmelding 2015

Fellesrådsleiar gjennomgjekk årsmeldinga 2015.

Det kom innspel om korrigering av tilsettingsår for Olav Sverre Strømme, side 5.

Svein Runde kom med innspel om eit siste pkt. om oppsummering/måloppnåing/resultat. Dette er noko fellesrådet vil arbeide vidare med for å innarbeide i dei framtidige årsmeldingane.

Vedtak:

Godkjent som framlagt med korrigering av tilsettingsår for den sist tilsette.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.


F-sak 09/16 Budsjettgjennomgang

Kyrkjeverjen orienterte om tilhøva.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.



Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Postboks 161

6239 Sykkylven

F-sak 10/16 Vegen rundt Sykkylven kyrkje

Kyrkjeverjen viste til brevet frå Sykkylven kyrkjelege fellesråd, datert 24.02.2016, som vart sendt til Sykkylven kommune v/ordføraren der vi bad om ei grundig forklaring på kva planar som gjeld for vegen rundt kyrkja, Kyrkjevegen. Her har vi ikkje mottatt noko svar enda.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 11/16 Parkeringstilhøva ved Ikornnes kyrkje

Fellesrådsleiar orienterte om ei synfaring ved Ikornnes kyrkje vedr. parkeringstilhøva ved Ikornnes kyrkje. Dei som var med var: ordførar Odd Jostein Drotninghaug og brannsjef Oddmund Grebstad frå kommunen, soknerådsleiar Trygve Ebbesvik og nestleiar Irene Hørte Høibakk frå Ikornnes sokneråd, samt kyrkjeverje Arild Sporsheim.

Bakgrunnen for synfaringa er at Ikornnes sokn og FAU ved Sørestranda skule har sendt eit ope brev til Sykkylven kommune der dei stiller spørsmål til den framtidige parkeirngssituasjonen ved Ikornnes kyrkje og Sørestranda skule. Bakgrunnen er at heile tomte til Jarnes skule (8 mål) er lagt ut for sal. I «alle år» har det vore slik at skuleplassen ved Jarnes skule har vore nytta til parkering ved arrangement i kyrkja. Ikornnes kyrkje har berre 5 (+2) parkeringsplassar. I tillegg har Sørestranda skule 36 (ref. Oddmund Grebstad) parkeringsplassar. Ei fjerning av moglegheita for parkering på skuleplassen ved Jarnes skule innber at det blir opparbeida ein parkeingsplass på minimum tilsvarende storleik som ved Sørestranda skule.

Synfaringa avslutta med at ordføraren oppsummerte med at han vil arbeide for at det blir opparbeida ein parkeringsplass med 36 parkeringsplassar langs Ikornnesvegen innom (sør for) Ikornnes kyrkje.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

Orienteringar:

- Møteplan for hausten er: 13.09.2016 og 06.12.2016.
- Utlysing av stillingar

Neste møte: 13.09.2016 kl. 14:15

Ref.:

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar